



6

HAUGALAND TINGRETT

DOM

Sagt: 08.05.2009 i Haugaland tingrett, Haugesund

Saksnr.: 08-081491TVI-HAUG

Dommar: Dommerfullmektig Rannveig Gramstad m/alm. flm

Saka gjeld: Daglig omsorg og samværsrett med felles barn, Daglig omsorg og samværsrett med felles barn

Trude Monica Hansen

Advokat Trond Hjelde

mot

Rune Leander Hansen

Advokat Brynjar N. Meling

DOM

Saka gjeld kvar partane sine fellesborn skal bu fast, foreldreansvar og fastsetting av samvær.

Framstilling av saka

Partane har ti barn saman. Denne saka gjeld dei åtte yngste, dei to eldste er myndige. Barna er Balder f. 22.03.86, Idun f. 16.01.88, Gudmund Cusanus f. 10.05.91, Frøydis f. 25.12.93, Stauda Sofie f. 24.05.97, Alfredo Ao f. 17.08.99, Mariel Rose f. 21.12.01, Urda Lilje, f. 14.06.06, Solborg Sera, f. 28.02.06 og Tormod f. 17.04.08. Far har ikkje erkjend farskap for Tormod, han blir likevel tatt med i saka då begge partar har lagt ned påstand som omfattar han.

Partane er opprinneleg frå Trøndelag. Dei har budd ei rekkje stader i landet, i 2002 flytta dei til eit gardsbruk i Vikebygd.

Familien sin levemåte var svært prega av partane sitt verdisyn. Dei var blant anna opptatt av natur, religion, tradisjonar og sjølvberging. Barna fekk heimeundervising, hadde stor fridom og fekk utfolda seg musikalsk, kreativt og i naturen. Ingen av partane hadde arbeid utanføre heimen. Dei arbeidde på garden, i hagen og i huset. Dei hadde dyr, plantar og blomar.

Far har hatt diagnosen schizofreni i 30 år. Han var innlagt på Haugesund sjukehus januar 2007 etter lov om psykisk helsevern §3-6. Han klaga til kontrollkommisjonen og vart skriva ut etter 4 døgn. På eige initiativ har han oppsøkt spesialist i psykiatri Hans Olav Tungesvik. Dei har møtt kvarandre tre gonger i perioden 15.10.08 – 26.03.09. I følge Tungesvik har det ikkje i desse samtalan komme fram openberre psykotiske symptom. Tungesvik skriv i si spesialistvurdering at det synes å vera grunnlag for å oppheva diagnosen. Vidare skriv han at far derimot har ei rekkje særeigne karaktertrekk som ikkje fell inn under psykoseomgrepet.

Mattilsynet sendte melding til barnevernet i 2006. Barnevernet kontakta familien, men det blei ikkje inngått noko samarbeid. Spesialist i psykiatri Kirsten Westlye gav ein sakkunnig erklæring til barnevernet 07.09.07. Sakkunnige hadde ikkje hatt kontakt med partane, då advokaten deira opplyste til ho at han hadde oppmoda dei om å ikkje stille opp. I erklæringa står det blant anna:

"I løpet av den perioden som eg har arbeidet med saken har eg etter hvert fått innhentet opplysninger fra personer som har kjennskap til familien og helt nylig også oppnådd kontakt med Balder og Gudmund.

Min vurdering av foreldrene og deres omsorgskompetanse, som jeg er bedt om å gjøre, er såleis basert på indirekte opplysninger.

Til tross for at jeg ikke har møtt foreldrene personlig har jeg etter hvert fått et relativt godt inntrykk av foreldrenes væremåte, deres tenkning og verdisyn. Spesielt har Rune Hansen eksponert sine tanker og holdninger gjennom sine dagboknotater, men også i samtaler med personer som jeg har intervjuet. Trude Hansen synes mer og mindre å stille seg lojalt bak sin ektefelles synspunkter, men har ved enkelte anledninger uttrykt uenighet. Mye tyder likevel på at det er Rune Hansens holdninger og meninger som preger hjemmesituasjonen, og at Trude Hansen har liten gjennomslagskraft med sine synspunkter dersom hun er uenig med Rune Hansen. Det er også Rune Hansen som først og fremst har hatt kontakt med offentlige myndigheter for å forsvare og forklare seg om hjemmesituasjonen når dette har vært påkrevd.

På bakgrunn av de inntrykkene jeg har fått etter å ha lest dokumenter og hatt samtaler med personer som kjenner familien finner jeg at foreldrene gjennom alle år har vist en sterk aversjon mot "det offentlige" og hatt et fiendebilde av offentlige instanser. De ønsker ikkje å ha kontakt med offentlige instanser, og vil heller ikke ta i mot tjenester fra det offentlige. Jeg forstår det slik at de fører en kamp mot det offentlige og vil holde barna borte fra det offentlige for å unngå skadelig påvirkning. Hva slags "skade" barna kan påføres gjennom kontakt med offentlige instanser, er imidlertid uklart for meg. Såleis har familien unndradd seg innsyn fra offentlige instanser ved å holde barna borte fra barnehage, skole, helsestasjon, tannlege (?) mv. De har en ide om å kunne være selvberget på alle vis. Mye tider imidlertid på at produksjonen av matvarer på gården er ineffektiv og at gårdsdriften i liten grad bidrar til å gi familien inntekter"

Partane budde saman fram til 03.04.2008. Då tok mor med seg barna og reiste til ei veninne i Finnskogen. Far var ikkje kjend med dette. I stemnemål 26.05.08 kravde mor at barna skulle bu førebels og fast hos ho, og at ho skulle ha foreldreansvaret aleine.

27.06.08 fatta Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker i Rogaland følgande vedtak:

- 1. Begjæringen om omsorgsovertakelse tas ikkje til følge for noen av barna.*
- 2. Barneverntjenesten i den kommune Trude Monica Hansen bor (pr i dag i Vindafjord) har rett til å sette inn tilsyn i hjemmet, jf bvl §4-4, 4.ledd. Retten til å sette inn tilsyn gjelder for tre år.*

Fylkesnemnda uttalte i premissene at bevisførsla i nemnda viste at psykiater Kirsten Westlye sin konklusjon om fars omsorgsevne i det store og heile var korrekt, men meir uklar i forhold til mor. Fylkesnemnda skriv blant anna i vedtaket:

“Fylkesnemda vurderer at mor vil kunne gi samtlige barn forsvarlig omsorg dersom hun mottar hjelp fra barnevernstjenesten. Dette synspunktet er tuftet på at mor ikke flytter tilbake til far eller at far flytter til mor. Dersom dette skjer er man tilbake til utgangspunktet og betingelsene for omsorgsovertakelsen vil være oppfylt. Det er ikke grunn til å tro at familien vil kunne makte å motta hjelpetiltak dersom far kommer tilbake til familien.”

I ordskurd av 14.07.08 fatta Haugaland tingrett følgende avgjerd:

1. *Trude Monica Hansen skal inntil det foreligger rettskraftig avgjørelse i Haugaland tingretts sak nr. 08-081491 TVI-HAUG ha den daglige omsorg for:*

- *Gudmund Cusanus Hansen, f. 10 05 91,*
- *Frøydis Hansen, f. 25 12 93,*
- *Stauda Sofie Hansen, f. 24 05 97,*
- *Alfredo Ao Hansen, f. 17 08 99,*
- *Mariel Rose Hansen, f. 21 12 01,*
- *Urda Lilje Hansen, f. 14 06 03,*
- *Solborg Sera Hansen f. 28 02 06 og*
- *Et guttebarn født 17 04 08 av Trude Monica Hansen.*

2. *Spørsmålet om saksomkostninger avgjøres sammen med hovedsaken.*

I ordskurd av 21.08.08 fatta Haugaland tingrett følgende avgjerd:

1. *Begjæring om ny midlertidig avgjørelse i sak nr. 08-081491TVI-HAUG, vedrørende spørsmål om daglig omsorg for barna tas ikke til følge.*
2. *Trude Monica Hansen skal inntil det foreligger endelig avgjørelse i saken ha foreldreansvaret alene for barna:*

- *Gudmund Cusanus Hansen, f. 10.05.91*
- *Frøydis Hansen, f. 25.12.93*
- *Stauda Sofie Hansen, f. 24.05.97*
- *Alfredo Ao Hansen, f. 17.08.99*
- *Mariel Rose Hansen f. 21.12.01*
- *Urda Lilje Hansen f. 14.06.03*
- *Solborg Sera Hansen f. 28.02.06 og*
- *Et guttebarn født 17.04.08 av Trude Monica Hansen*

3. *Inntil det foreligger endelig avgjørelse i saken har Rune Leander Hansen rett til samvær med Frøydis, Stauda Sofie, Alfredo Ao, Mariel Rose, Urda Lilje og Solborg Sera en gang hver sjette uke, inntil tre timer hver gang, under kontinuerlig tilsyn av*

barneverntjenesten. Tilsyn er en forutsetning for at samvær kan skje og tilsynsfører kan avbryte samværet om det vurderes å være uheldig for barna at det gjennomføres i sin helhet.

4. Saksomkostningsspørsmålet utstår til hovedsaken.

Avgjerda var truffe utan at barna vart høyrd, og Gulating lagmannsrett oppheva ordskurden i ordskurd av 15.10.2008.

I oktober 2008 vart far varetektsfengsla. Statsadvokatene i Rogaland fatta tiltalevedtak for blant anna rettsstridig framferd overfor aktør i rettsvesenet på følgende grunnlag:

” Lørdag 4. oktober 2008, på hans bopel ved Vikebygd i Vindafjord, fikk han sin fraseparerte ektefelle Trude Monica Hansen til å undertegne prosesskriv til retten i hans favør i deres pågående barnefordelings- og barnevernssak, idet han i dagene forut for dette hadde truet med å drepe henne hvis hun ikke gjorde som han sa.”

I Haugaland tingretts dom av 15.01.2009 vart far dømd til fengsel i 8 månader for brot på straffelova §132a, 1.ledd a, jf 2.ledd, jf 4.ledd, 1. straffalt., straffeloven §227, 1. straffalt., straffeloven §222, 1.ledd, 1. straffalt., og straffeloven §291, 1.ledd, jf 2.ledd. Far har anka, og avgjerda er ikkje rettskraftig.

17.12.2008 avsa Haugaland tingrett ny ordskurd, med same avgjerd som 21.08.2008. Dommaren hadde på førehand samtala med Gudmund, Frøydis, Stauda og Alfredo, og utarbeida følgende samandrag av samtalane:

Frøydis Hansen. f. 25.12.93.

Frøydis går nå i 9. klasse på Steinerskolen i Haugesund og trives godt der. Frøydis snakker også svært positivt om hjemmeundervisning. Hun har en bestevenninne som heter Anna. Frøydis er opptatt av kunst, musikk, natur, fugler og dyr. Hun er glad i å gå turer og er med i Natur og Ungdom. Frøydis bor sammen med mor og søsken på Skogland. De har greie naboer der. Hun trives på Skogland, men liker seg enda bedre i Vikebygd. Frøydis har ikke sett far på lenge og savner ham veldig. Hun gråter når hun kommer inn på dette. Frøydis ønsker å bo like mye hos hver av foreldrene, f.eks en uke hos hver. Hun mener det vil gå greit å fortsette på Steinerskolen, også med en slik ordning.

Gudmund Causanus Hansen f. 10.05.91

Gudmund har nylig flyttet inn til mor, etter å ha bodd en periode på hybel. Han går på videregående på Steinerskolen og liker seg der. Gudmund mener at det fungerer godt at alle barna bor hos mor. Selv ønsker han ikke å ha samvær med sin far. Han forteller om at da Balder flyttet hjemmefra, var far svært imot det. Da Balder

allikevel flyttet, nektet far resten av familien å ha kontakt med ham. Gudmund var nært knyttet til broren, og det var på den tiden at han selv begynte å ta avstand fra faren. Gudmund mener far setter de yngre søsknene opp mot mor og at han manipulerer dem. Han mener at alle barna bør bo hos mor, og at dersom de skal ha samvær med far, må det være med tilsyn. Bakgrunnen for det er at far har en "voldsom" oppdragelsesmetode og at han ikke tar hensyn til barnas egne meninger. Han forteller om at det kan være vanskelig for mor at de yngre barna tar fars parti, men mener at hun stort sett takler det greit.

Stauda Sofie Hansen, f. 24.05.97

Stauda går også på Steinerskolen og forteller om at hun har fått mange venner der. Hun har ikke fått noen bestevenninne ennå, men alle er snille mot henne på skolen. Hun fremholder at hjemmeundervisning er best, men at Steinerskolen er nest best. Stauda forteller at det er fint å bo på Skogland, og at de har snille naboer der. Det er allikevel enda finere i Vikebygd, mener hun, for der har de mange dyr og fugler. Stauda er veldig opptatt av dyr og hun forteller om at Gudmund har fått en kattunge, som hun får lov å passe på. Hun forteller videre at de har en stor eiendom i Vikebygd, og at pappa har fortalt at de skal bygge et kjempestort hus der med tre etasjer. Stauda ønsker egentlig at mamma skal bo sammen med dem i Vikebygd, og at foreldrene skal slutte å krangle. Hun reflekterer allikevel over at "det er det vel ikke bare å bestemme...". Hvis de ikke kan bo sammen i Vikebygd, vil hun bo like mye hos hver av foreldrene. Hun tror at foreldrene ville klart å samarbeide om en slik ordning, hvis de bare fikk litt hjelp til det. Hun sier at det ikke er så lett å komme på hva hun skal si til dommeren, fordi hun har ikke tenkt så mye på det. Hun mener i hvert fall at det ikke vil være bra å bo hos en av foreldrene, og bare være på samvær hos den andre. Stauda mener det ville gått fint å fortsette på Steinerskolen, selv om hun var i Vikebygd halvparten av tiden. Det er lenge siden hun har truffet faren. Hun savner ham og har veldig lyst å møte ham. Hun formidler også tydelig at hun savner stedet der de bodde i Vikebygd.

Alfredo Ao Hansen, f. 17.08.99

Alfredo får hjemmeundervisning av mor og går ikke på skolen. Han synes ikke det er greit å bo på Skogland og formidler et stort savn til Vikebygd. Han snakker om eiendommen og om dyrene de hadde der. Han kaller Tindelands i Vikebygd for "hjemme". Alfredo er mye mindre meddelsom enn Stauda. Han svarer når han blir spurt, men sier ikke så mye utenom. Han gir allikevel klart uttrykk for at han vil alle sammen skal bo i Vikebygd. Dersom mor ikke vil det, får hun bestemme selv hvor hun vil bo. Da mener han at alle barna bør bo hos far i Vikebygd og det vil gå greit å bo der uten mamma. Han synes det er dumt at han ikke har sett far på lenge, og gir flere ganger uttrykk for at barna bør bo hos ham.

I ordskurden side 8 står det:

" Retten har nå hørt de fire barna som er over sju år, og som har rett til å uttale seg etter barneloven § 31 og barnekonvensjonen art. 12. Det er ikke tvilsomt at både Frøydis, Stauda Sofie og Alfredo Ao er svært glad i sin far og savner ham. Barna fremsto alle som reflekterte og retten betviler ikke at de har en tilknytning til sin far. De var også alle tre opptatt av at de savnet hjemstedet, noe retten finner naturlig ettersom de har flyttet mange ganger det siste året. Samtalene med barna har allikevel ikke endret rettens oppfatning av at de frem til saken er endelig avgjort må bo hos sin mor og at hun også må ha foreldreansvaret alene. Det vises til det som er sagt om dette i kjennelsen av 21.08.2008.

Gudmund ønsker ikke å bo hos far eller ha samvær med ham. Han er den eldste av de barna retten har snakket med, og slik retten oppfatter ham er det særlig når barna blir eldre og gir uttrykk for egne meninger at det blir problematisk for dem å forholde seg til far. Han opplyste dessuten at far hadde en "voldsom" måte å oppdra barna på, uten at han utdypet dette nærmere. Gudmund nærmer seg 18 år og retten ser ingen grunn til å ikke legge hans ønsker i forhold til omsorg og samvær til grunn".

Far anka, men Gulating lagmannsrett forkasta anken i orskurd av 18.02.2009.

Retten hadde 06.03.2009 ein samtale med Mariell Rose. Etter samtalen vart det skrive følgande referat:

"Mariell fortalte at ho går på skulen og at det er kjekt. Ho bur på Skogland i et rødt hus som dei leier. Ho deler rom med mormor, og liker det. I huset bur også Gudmund, Idun, Frøydis, Tormod og mamma. Ho syns det er litt rart å bu der. Ikkje så veldig artig, for det er ikkje så mange ting å holde på med. Ho liker trampoline og bamser. Ho har bare ein bamse no, for den andre har blitt ødelagt, den har ikkje hovud lenger. Før har ho budd på Høylandet og i Vikebygd. I Vikebygd var det eit ganske fint hus, fordi det var så var gammelt, og så var det lite og firkanta. Det er lenge sidan ho budde der. Pappa budde der også, men han er i fengsel no. Ho trur at han skal bu i Vikebygd når han kommer ut fra fengselet. Når han kommer ut, vil ho bu i Vikebygd sammen med mamma og pappa, søsken og påfuglene. Men ikkje hønene som er død. Ho vil bu i Vikebygd sjølv om mamma evt ikkje skal bu der, men ho trur at mamma også vil bu der. Ho har det kjekt i Vikebygd, det var artig når hønene var der. Ho likte å bu sammen med pappa, og det er dumt at han er i fengsel. Når pappa er i fengsel kan hønene dø og plantene får ikkje vatn. Ho tenker på pappa, og syns han skal få komma ut no. Det er fint å bu saman med mamma også. "

I samband med hovedforhandlinga hadde retten hadde ein samtale med Frøydis Herdis. Følgande referat frå samtalen er tatt inn i rettsboka:

"Hun sa hun bodde på Skogland sammen med søskena og mor. Der trives hun både og. Vil helst bo med begge, halvparten hos hver. Gjerne et par dager hos hver om gangen, men det finner de vel ut av. Det vil gå greit å pendle til Steinerskolen fra Vikebygd, hun har prøvd dette før, men det er lenge siden, mange måneder. Hvis hun ikke kan bo like mye hos begge, ønsker hun samvær med den andre så ofte som mulig. Hun syns det er bra å snakke om dette, for hun tenker mye på det. Uten at det påvirker henne negativt.

I mars var hun på besøk hos far i Vikebygd. Hun og Stauda (søster) drog til Gardsenteret. Tenkte først at faren kunne kjøre, han hentet dem der. Hun hadde snakket med han på forhånd om dette, mens hun var på Skogland. Hun var der i 3 dager. Gikk ikke på skolen da, men de gav beskjed. De dro til Ølen, for politiet hadde oppbevart noe for faren som de skulle hente. Da de kom dit, viste det seg at de hadde letet etter dem hele dagen for å ta de med tilbake til Skogland. Hun visste ikke hvem som hadde letet, og ingen hadde tatt kontakt med dem. Det kom 3 barnevernsfolk og hentet dem, og kjørte dem til barnevernskontoret i Haugesund. Der var moren, mormor og da andre barna. De ble kjørt videre til krisesenter. Hun visste ikke helt hva som foregikk, etter hvert fant hun ut at de skulle på krisesenter. Det var ingen grunn til det, men moren eller barnevernet ville det. Hun er ikke sikker, men tror begge to ville det. De var der ganske lenge, hun vet ikke hvor lenge, men hun gikk ikke på skolen. Det var lenge siden hun hadde vært i Vikebygd. Det var veldig kjekt å se plassen, faren og dyrene. Savner dette veldig. Hun måtte reise dit, det var så lenge siden hun hadde sett pappa. Barnevernet likte ikke at det var hos faren. Hun skjønner ikke hvorfor. Hun har ikke tenkt på hva de ville synes om hun skulle bo hos hver av foreldra halvparten av tida.

Begge foreldrene synes det var bra at hun ville snakke med dommeren. Moren har ikke sagt annet direkte, men hun vet jo at hun håper hun ikke skal få på hos sin far. Hun snakker ikke så mye om dette med søskena. Ikke med Balder og Gudmund i alle fall. Balder håper vel at de ikke skal få se pappa i det hele. Det er veldig artig og lærerikt å ha 9 søsken."

Etter at far kom ut frå fengselet, fatta Haugaland tingrett i ordscurd av 07.04.2009 avgjerd der far fekk forbod mot å oppsøka, forfølga eller på noko vis ta kontakt med mor. Besøksforbodat gjeld fram til og med 09.03.10. Far har brakt avgjerda inn for lagmannsretten.

Påstandsgrunnlag et til saksøkjaren

Sjølv om kvart einskild barn skal vurderast individuelt, er dette ein søskenflokk som må få vera saman. Dei støttar kvarandre, har budd saman så lenge, og dei eldre hjelp dei yngre.

De må og bør bu hos mor. Ho har hatt den vesentlege omsorga for barna. I følge Balder si vitneforklaring er ho ein god omsorgsperson. Ho framstår som ei varm mor og ei sterk kvinne, dette har ho vist dei siste 2 åra.

Det som har ført til at barna har blitt som dei er blitt skuldast medfødde eigenskapar, som musikalitet og intelligens. Samstundes har foreldra brydd seg med dei og delt sine interesser med dei. At barna framstår som kjekke, beviser ikkje at far har omsorgsevne.

At far er familiens overhovud og bestemmer har gitt dramatiske utslag. For mor og barna er det eit problem at far berre er grei så lenge han får medhald i sine krav og måte å vera på. Balder, Idun og til dels også Gudmund vart avvist. Dei fekk ikkje ha samkvem med familien. Avvising er vondt, vanskelig og skadeleg. Når det skjer av eigen familie er det dramatisk. Den som står bak manglar empati og evne til å forstå barn og ungdom sine kjensler. Far ser berre seg sjølv.

Far har lagt ut dokumenter på Internett som inneheld sensitive opplysningar om barna. Blant anna heile den sakkunnige rapporten. Han meiner folk har trong for å sjå koss dei har det. Han ser ikkje kva følger dette kan få for barna. Han vernar ikkje sine barn på denne måten.

Far nekta Gudmund og Idun å gå på Steinerskulen. Hans forhold til offentlege myndigheter er illustrerande for hans oppførsle. Når han ikkje får det slik som han vil, hevdar han seg utsett for kommunal terror og trakkasering.

Barna må ha ein omsorgsbasis med fri utvikling. Dei er sjølvstendige menneske og skal ikkje bli forma i foreldra si form for å bli kloningar.

Far sine personlege eigenskapar, uavhengig av diagnose, er vedvarande og konsistent. Han vil tukte sine barn og sin kone, noko som kommer tydelig fram i straffesaka. Han tvang mor til å underteikne dokumenter som gikk etter hans vei og behov.

Far meiner for det vesentlige at det er utanforståande organ og personar som gjør at partane er kommen i den situasjonen dei no er i. Barnevernet, politiet, rettsvesenet og mors prosessfullmektig. Dette er typisk for han. Det blir vist til korleis han ytra i samband med Gulating lagmannsrett si behandling av førebels avgjerd i saka. Dersom barna skal veksa opp hos far som ytrar seg på denne måten vil det vera skadeleg for barna, dei vil ikkje få normalt forhold til omverda. Familien vil framleis ha eit sterkt behov for støtte frå det offentlege, blant anna frå barnevernet, skule og trygdesystemet. Far kan ikkje samarbeide om dette og barna vil ikkje få den støtta dei treng. Far har den missoppfattinga at barnevernet gjer det vondt og vanskelig for barna.

Far har ikkje skjønt premissene i vedtaket frå Fylkesnemnda. Barnevernet vil overta omsorga for barna dersom dei skal bu hos far. Det er ikkje noko i denne saka som endrar på desse utsegna. Tvert i mot, barnevernet har vist at dei ikkje godtar at barna er hos far. Far tar ikkje dette inn over seg. Heller ikkje har han tatt inn over seg at retten i tre avgjerder opnar for samvær med tilsyn.

Balder forklarte at far mobba mor, og at han fekk dei små barna til å delta i dette.

Retten skal i denne saka ikkje ta prejudisiell stilling til kva som har skjedd. Men mor, Balder og vitnet Kristensen forklarte at det har skjedd eit overtramp. Ved at far oppfører seg slik mot henne, kan dette setta ned hennar omsorgsevne. Dette er ikkje til beste for barna. Rettspraksis viser at dette skal tillegkast vekt.

Mor er den som kan gje barna best samla foreldrekontakt. Ho har gitt uttrykk for dette i retten, ho ønsker at barna skal ha eit forhold til far.

Det skal ikkje legkast vekt på Frøydis sitt ønske om delt omsorg, heller ikkje ønske om mykje samvær. Heller ikkje dei andre barna sine ønsker kan tillegkast vekt i denne saka.

De eldste barna synes å ha sterkast kjenslemessig tilknytting til mor. Mor har vore hovudomsorgspersonen. I motsétnad til far har ho personlege eigenskapar som gjer ho til ein god omsorgsperson. Det må også legkast vekt på at far har utøvd sjølvtekt og forsøk på sjølvtekt ved å tileigna seg samvær.

Når det gjeld samvær må retten fastsette ei fast og bestemt ramme. Tilsyn er nødvendig for at barna skal komme trygt tilbake, og vil hindra manipulering og uheldig påverknad av barna. Mor meiner samvær kan gjennomførast ein eller to gonger i månaden, men at må vera tilsyn under heile samværet, at det bare skal vera samvær på dagen og at alle barna skal ha samvær samstundes.

Påstanden til saksøkjaren

1. Trude Hansen skal ha det daglige omsorgsansvaret for barna Gudmund Cusanus Hansen, Frøydis Hansen, f.25.12.93, Stauda Sofie Hansen, f.24.05.97, Alfredo Ao Hansen, f.17.08.99, Mariel Rose Hansen, f.-21.12.01, Urda Lilje Hansen, f.14.06.03, Solborg Sera Hansen f. 28.02.06 og Tormod Hansen, f. 17.04.08, og de skal bo fast hos henne.
2. Trude Hansen skal alene ha foreldreansvaret til barna nevnt under pkt 1.
3. Rune Hansen skal under tilsyn ha samvær fastsatt etter rettens skjønn med barna nevnt under pkt 1.

Påstandsgrunnlaget til den saksøkte

Retten må leggja stor vekt på barna sine utsegn til retten og dei observasjonane som er gjort av barna og foreldra. Bevisførselen og dokumentasjonen overraskar i høve til det som er komme fram i saka.

Mor ber retten treffa avgjerd ut frå eit element, konflikten som har oppstått dei siste to årene. Denne konflikten er styrande for mor. Det vises til mor si forklaring då ho vart bedt om at ho reflekterte over moglege løysingar. Ho kom då stadig tilbake til at det går ikkje eller kan ikkje, for då kjem barnevernet. Mor er tvunge inn i prosessen ut frå frykt for at barna elles ikkje får veksa opp av foreldra. Retten er ikkje bunden av Fylkesnemnda sine premisser, men må stole på at vilkåra for eventuell omsorgsovertaking vil bli behandla på nytt av Fylkesnemnda og retten.

Det er ingen rapportar om noko påfallande med nokon av barna. Det er ingenting som tyder på at dei har fått dårleg omsorg. Dette må sjåast i samanheng med at far skal ha vore den dominerande. Det er openbart at han har hatt ei sentral rolle i barna sine liv, meir enn foreldre som har vald tradisjonell livsstil. Far har deltatt frå han tok dei ut av mors liv. Han har tatt dei med, vist dei ting og formidla verdiar som kreativitet, natur og så vidare. Samfunnet må ha evne og vilje til å tåle det som er annleis. Det er ingenting som tyder på at barna har tatt skade av oppveksten.

Det ligg føre risiko ved miljøskifte. Å bli buande i Vikebygd er det tilvante og stabile. Idun forklarte at barna har blitt meir urolege og viltre etter flyttinga. Deira nye tilvære er ein openbar risiko.

Far er den som kan gje mest mulig samla foreldrekontakt. Mor vil avgrensa kontakten til å gjelda dagsamvær med kontinuerlig tilsyn. Far meiner det bør vera likeverd. Han forklarte at mor alltid vil vera mor.

Far vil ikkje la seg styra av Fylkesnemnda sine premiss. Han er villig til å ta ein eventuell kamp mot barnevernet om dei skulle krevja omsorga. Barnevernet i Vindafjord kan ikkje styre alt som skal skje med desse barna.

Det var ikkje taktisk av far å ikkje levera Frøydis og Stauda tilbake då dei kom for å besøka han. At han ikkje gjorde det skuldast kjensler. Frøydis forklarte at ho bare måtte komma, og grunna dette i sakn.

Det er mor som tok seg til rette då ho tok barna med seg og drog frå fellesheimen utan at far visste det.

Barnas ønsker er den einaste retningslina som er lovfestast. Når barnet er over 12 år skal det leggest stor vekt på ønsket.

Når det gjeld samvær, blir det vist til at far meiner det skal vera likeverd og at retten kan fastsetta samvær tilnærma delt omsorg. Dersom barna skal bu hos mor, blir det gjort gjeldande at det skal vera eit utstrakt samvær. Det blir vist til dei same momenta som gjort gjeldande i omsorgsspørsmålet.

Konfliktnivået er så høgt at det i ein fase vil vera nyttig at den som har dagleg omsorg også har foreldreansvaret aleine. Dersom barna skal bu hos mor, og barnevernet framleis skal vera inne i bildet, har far ein openbar interesse i å følge barnas utvikling.

Påstanden til den saksøkte

1. Rune Leander Hansen skal ha det daglige omsorgsansvaret for barna Frøydis Hansen, f.25.12.93, Stauda Sofie Hansen, f.24.05.97, Alfredo Ao Hansen, f.17.08.99, Mariel Rose Hansen, f. 21.12.01, Urda Lilje Hansen, f.14.06.03 og Solborg Sera Hansen f. 28.02.06.
2. Mor skal ha daglig omsorg for Gudmund Cusanus Hansen, f. 10.05.91 og Tormod Hansen f. 17.08.08
3. Rune Leander Hansen skal alene ha foreldreansvaret for de barna han har omsorg for.
4. Trude Hansen skal ha samvær fastsatt etter rettens skjønn med de barna hun ikkje har omsorg for.
5. Trude Hansen dømmes til å betale sakens omkostninger til det offentlige og/eller Rune Leander Hansen

Vurderinga til retten

Partane har 10 barn saman. Saka gjeld ikkje Balder og Idun som er myndige. Begge partar har lagt ned påstand om at Gudmund Cusanus og Tormod skal bu fast hos mor. Det som er omstridt er kvar Frøydis, Stauda Sofie, Alfredo Ao, Mariel Rose, Urda Lilje og Solborg Sera skal bu, kven som skal ha foreldreansvar for dei og kva samvær dei skal ha med den dei ikkje bur fast saman med.

1. Fast bustad

Det er ikkje komme fram noko i saka som tilseier at barna saka gjeld har særlege omsorgsbehov. Tvert i mot framstår dei som harmoniske, kreative og trygge. Det er ikkje forhold som tilseier at den omsorga dei har motteke har påført dei nokon form for skade. At Frøydis har skulka skulen endel endrar ikkje retten si oppfatning av dette. Det synes som om dei har hatt positivt utbytte av foreldras levesett, heimeundervising og omsorg.

Retten legg til grunn at partane har utfylt kvarandre, og saman stått for dette. Det er ingen tvil om at barna saka gjeld er svært knytt til far og garden i Vikebygd. Det er heller ingen tvil om at dei er knytt til mor, sjølv om dei ikkje synes å ha knytta seg til sin nye heimstad i same grad. Då partane ikkje lenger lev saman, må retten vurdera dei kvar for seg. Bortsett frå at barna har fått heimeundervising, finn ikkje retten haldepunkt for at dei har vore isolert frå samfunnet. Det blir vist til at dei var med på musikk- og sportsaktivitetar. Likevel, barna har hatt eit levesett som på fleire vesentlege punkt er sterkt avvikande frå dei fleste andre, dette kan ha innverknad på deira tilnærming til eit sjølvstendig liv utanføre familien. Det kan ikkje utelukkast at dei vil trenga ekstra støtte frå dei føresette i denne prosessen.

Etter ei konkret vurdering for alle barna er retten komme til at det beste for dei er å bu fast hos mor. Retten har lagt avgjerande vekt på foreldra sine personlege eigenskapar. Retten meiner at far samla sett over tid har vist ei framferd som ikkje er til barna sitt beste. I vurderinga har retten også lagt vekt på at det ligg føre usikkerhet rundt far si psykiske helse

Retten meiner far skapte seg ein posisjon i familien som får negative utslag i vurderinga av hans omsorgsevne. Retten viser til sonen Balder og mor sin forklaring om at far styrte alt. Mor forklarte at han mellom anna bestemte kor mange barn dei skulle ha, kva musikk ho skulle høyre på og kva ho skulle ha på seg. Balder forklarte at far mobba mor dersom ho opponerte mot han, han fekk også med seg dei yngste barna på denne mobbinga. Det er ikkje omtvistat at far ofte tok opp samtalar på mp3 spelarar han hadde på seg eller plassert der han ikkje var tilstades. Etter å ha høyrd på opptak, konfronterte han mor og barna med det dei hadde sagt. Dottera Idun forklarte i retten at dette var plagsamt. Retten meiner at slik overvaking ikkje høyrer heime i familielivet, og at barna bør skånast for dette. Retten har lagt tung vekt på korleis far handterte konflikten med Balder, Idun og Gudmund. Gjennom sin avvising og forsøk på å visa Balder og Idun ut av familien, har han vist at han ikkje evnar å sjå barna sine behov for å utvikla seg. Retten meiner det er stor fare for at dei som blir utsett for slik avvising kan ta skade av det. Balder ville ikkje følgje far sitt pålegg om å bryta kontakten med ungdomsmiljøet sitt, og far meinte han hadde komme borti narkotika og alkohol. Då Balder flytta heimanfrå i 2006, nekta far mor og dei andre barna å ha kontakt med Balder før han hadde bedt om tilgiving. Idun forklarte at ho ikkje orka å bu heime lenger fordi ho ikkje fekk ha kontakt med Balder. Etterkvart ønska Gudmund å byrja på Steiner-skulen, også dette førte til konfliktar med far. Mor forklarte i retten at ho hadde lete far bestemma mykje, men at ho ikkje tillet at han skulle bestemma at ho ikkje skulle få snakka med Balder og Idun. Familien fekk etterkvart vegleiing av Trygve Einar Gjerde. Gjerde forklarte blant anna til retten at han såg at Balder ikkje hadde det bra. Vidare forklarte vitnet at mor ikkje ville ha fars tukt. Fars måte å styra familien på gjer at det er betre for barna å bu hos mor.

Etterkvart som dei andre barna veks til, vil dei som Balder, Idun og Gudmund ha trong for også å knytte seg til andre sosiale nettverk og samfunnsinstitusjonar. Retten har ingen tru

på at far vil evna å støtta barna i denne utviklinga. Mor har derimot vist evne og vilje til dette, blant anna ved at ho tok til motmæle mot far, haldt kontakten med Balder og Idun, og lar barna i skulealder få undervising på Steiner-skulen.

Far er dømd for mellom anna drapstruslar mot mor, og han er pålagt besøksforbod. Hovudregelen er at ein straffedom eller ei ordsکرد om besøksforbod ikkje har rettskraftsverknader i sivile saker. I denne saka er ikkje straffedommen rettskraftig avgjord og besøksforbodet er påkjært til lagmannsretten. Retten vil ikkje ta prejudisiell stilling til spørsmålet, men framheva at denne saka gjeld omsorg for mindreårige og at forholdet er så alvorlig at retten tar omsyn til den risikoen som ligg føre for at tingretten si dom er riktig. Retten viser til mor si forklaring om at far oppsøkte ho ein morgon for å drepa ho, men at han let ho få leva mot at ho innretta seg etter hans strategi, og at far er dømd av ein samrøystes tingrett. Uavhengig av eventuell straffedom og besøksforbod er det openbart at det er stor konflikt mellom foreldra. Gjennom prosessen har far i tillegg vist sterk motstand mot fleire av dei personar og instansar som har vore inne i saka. Blant anna viser hans argumentasjon for Gulating lagmannsrett at han har sterke innvendingar mot tingrettsdommaren som førebels avgjorde saka, og han hevdar at mor sin prosessfullmektig har lagt opp saka som eit spel for å vinna. Særleg er motstanden stor mot barnevernet og den sakkunnige barnevernet nytta seg av. Sjølv om det var kritikkverdig av mor å ta med seg barna til Finnskogen utan avtale med far, er ikkje retten i tvil om at barna vil bli best skjerma frå konflikhtar ved å bu hos ho.

Retten er ikkje bunden av premissane for fylkesnemnda si avgjerd. Barnevernet si haldning og mor sitt eventuelle motiv for å reisa saka er ikkje noko vesentleg moment i retten si vurdering. Retten har på sjølvstendig grunnlag vurdert kva som er det beste for barna, og vil ikkje blanda seg inn i kva som bør vera eventuell utfall av mulig framtidig spørsmål om offentleg omsorg. Retten kan likevel ikkje sjå vekk frå avgjerda. Sidan fylkesnemnda har lagt til grunn at far ikkje har tilstrekkeleg omsorgsevne, er det etter rettens meining reell risiko for at barnevernet i Vindafjord kommune vil vurdera barna sin omsorgssituasjon dersom dei bur hos han. Dersom dette skjer, vil far måtta forholde seg til barnevernet. Far sine personlege eigenskapar og forholdet til barnevernet, gjer at retten tvilar sterkt på at han vil ha evne og vilje til å samarbeida om best mulige løysingar for barna. Det er ikkje omstridt at mor samarbeider greitt med barnevernet. Retten meiner dette er forhold til tilseier at det beste for barna er å bu fast hos mor.

Når barna er fylt 12 år skal det leggast stor vekt på kva dei meiner, jf barneloven § 31 andre ledd. Frøydis og Stauda Sofie har gitt uttrykk for eit ønske om å bu like mykje hos kvar av foreldra. Frøydis er over 15 år, medan Stauda Sofie er 12 år. Alfredo Ao som blir 10 år i år, har uttrykt at han vil bu i Vikebygd hos far. Mariell Rose, som fylte 7 år i desember, har også uttrykt ønske om å bu hos far i Vikebygd. Retten har vurdert barnas ønsker, men finn ikkje å leggja avgjerande vekt på desse.

2. Foreldreansvar

Foreldra har foreldreansvaret saman. Avgjerda om kven som skal ha foreldreansvaret skal først og fremst retta seg etter det som er best for barna. Hovudregelen er at foreldre skal ha felles foreldreansvar med mindre særlege grunnar tilseier at den eine av foreldra bør ha det aleine. Retten meiner vilkåra for å tilkjenna mor foreldreansvaret aleine er tilstades. Retten har lagt vekt på at foreldreansvar for desse barna krev eit samarbeid mellom foreldra, og med barnevernet, skulen og andre offentlege instansar. Retten finn at samarbeidsvanskane i denne saka er så omfattande, at felles foreldreansvar kan påverka mor som omsorgsperson og at det beste for barna er at mor har foreldreansvaret aleine.

3. Samvær

Barna har rett til samvær med begge foreldra, jf barnelova §42. I avgjerd om samvær skal det mellom anna leggast vekt på omsynet til best mulig samla foreldrekontakt, kor gamle barna er, i kva grad barna er knytt til nærmiljøet, reiseavstanden mellom foreldra og omsynet til barna elles.

Retten er ikkje i tvil om at Frøydis, Stauda Sofie, Alfredo Ao, Mariel Rose, Urda Lilje og Solborg Sera er sterkt knytt til far og hans heim i Vikebygd. Dei har overfor retten gitt uttrykk for at dei saknar far og nærmiljøet. Når det gjeld Tormod, er han født etter at mor hadde flytta frå Vikebygd. Retten vurderer det vil vera bra for barna å ha jamn og fast kontakt med far. Det blir fastsett detaljert samværsordning for å unngå konflikstar mellom foreldra, og for at samværa skal vera føreseielege for barna. Etter ei konkret heilskapsvurdering er retten komme til at det skal fastsettast samvær kvar tredje laurdag frå klokka 10 til klokka 16 for desse barna. Retten har lagt vekt på at søskena skal vera saman hos far, at dei skal ha kontakt med og tilknytning til far, og at dei er knytt til hans nærmiljø.

Det er høve til å setta tilsyn som vilkår for samværsretten. Retten kan i særlege høve pålegga departementet å oppnemne tilsynsperson jf barnelova §43, 3.ledd. I Ot.prp.nr.103 (2004-2005) kap. 10 står følgjande:

"Bestemmelsen tar sikte på situasjoner hvor det anses som positivt for barnet å kunne ha et visst samvær, men hvor dette ikke kan skje uten tilsyn for å føre kontroll med at barnet ikke lider overlast. En slik form for tilsyn er begrenset til særlige tilfeller og situasjoner hvor det kun er aktuelt med sterkt begrenset samvær. Formålet med et slikt samvær må hovedsakelig være at barnet skal ha kjennskap til forelderen og sikre et minimum av kontakt. Dette kan være av stor betydning for barnets mulighet til å realitetsorientere seg. Det er ikke meningen at ordningen skal omfatte samvær av vanlig omfang. Ordningen vil typisk være aktuell hvor det for eksempel er snakk om to til fire samvær i året med en varighet av to til fire timer hver gang."

Denne saka er ikkje typisk for dei sakene regelen gjeld. Retten meiner likevel vilkåra er oppfylt. Det blir vist til at far er dømd for blant anna å ha trua mor med drap. Sjølv om denne avgjerda ikkje er rettskraftig, er den eigna til å skildra forholdet mellom partane. Vidare er det behov for tilsyn for å sikra at samværa blir avslutta når dei skal. Retten viser vidare til at det har vore store konflikhtar rundt avsluttinga av tidlegare samvær. Retten at det er behov for tilsyn i overleveringssituasjonane og ved slutten av samværa. Tilsynsførar si rolle vil vera å vera tilstades ved overleveringane. I tillegg må tilsynsførar bidra til å sikra at samværa blir avslutta når dei skal, det kan dermed vera behov for at tilsynsførar er tilstades eller har kontakt med far mot slutten av samværa. Retten meiner det vil vera behov for slikt tilsyn dei første 20 samværa. Det blir lagt til grunn at rutine rundt overleveringa då vil vera innarbeida, og at konfliktnivået mellom partane vil avta med tida.

Barna bør ikkje involverast i konflikhtar mellom vaksne og foreldra bør avstå frå å omtala den andre negativt. Sjølv om tilsyn under samværa kan dempa risikoen for dette, meiner retten at tilsyn under heile samværa vil vera uforholdsmessig i forhold til nytten. Retten meiner det også at det ligg føre stor risiko for at det vil oppstå konflikhtar mellom far og tilsynsførar, noko som i seg sjølv kan svekka kvaliteten på samværa.

Retten meiner situasjonen er så særigna at det er naturleg å pålegga departementet å oppnemna tilsynsperson. Retten vil ikkje leggja føringar for kven som skal oppnemnast som tilsynsførar, men vil framheva at det bør vera ein person som ikkje er direkte tilknytta barnevernet. Sidan barnevernet er involvert i familien, kan det vera behov for å skilja mellom barnevernsaka og samværet mellom far og barn.

Den statlege tilsynsordninga er avgrensa til 16 timar pr år, jf. forskrift om nærare føresegner om oppnemning av tilsynsperson, utøving av tilsynet og godtgjering for dette (FOR 2006-12-07 nr 1360) § 2. Vilåret om tilsyn held fram sjølv om tidsramma blir brukt opp. Dersom det offentlege ikkje vil medvirka utover dette, må partane sjølv finna fram til alternative tilsynsordningar.

Det blir ikkje fastsett samvær for Gudmund Cusanus. Dette på grunn av hans alder, og at han har gitt uttrykkeleg ønske om å ikkje ha samvær.

4. Sakskostnader


Mor har vunne fram i det vesentligaste. Retten meiner likevel at saka har hatt slik velferdsmessig betydning for partane at far ikkje skal dømmast til å erstatta hennar sakskostnader.

Dommen er ikkje sagt innan fristen i lova. Grunnen er sjukefråvær.

SLUTNING

1. Gudmund Cusanus Hansen, Frøydis Hansen, f.25.12.93, Stauda Sofie Hansen, f.24.05.97, Alfredo Ao Hansen, f.17.08.99, Mariel Rose Hansen, f. 21.12.01, Urda Lilje Hansen, f.14.06.03, Solborg Sera Hansen f. 28.02.06 og Tormod Hansen, f. 17.04.08 skal bu fast hos Trude Monica Hansen
2. Trude Monica Hansen skal aleine ha foreldreansvaret for Gudmund Cusanus Hansen, Frøydis Hansen, f.25.12.93, Stauda Sofie Hansen, f.24.05.97, Alfredo Ao Hansen, f.17.08.99, Mariel Rose Hansen, f. 21.12.01, Urda Lilje Hansen, f.14.06.03, Solborg Sera Hansen f. 28.02.06 og Tormod Hansen, f. 17.04.08
3. Frøydis Hansen, f.25.12.93, Stauda Sofie Hansen, f.24.05.97, Alfredo Ao Hansen, f.17.08.99, Mariel Rose Hansen, f. 21.12.01, Urda Lilje Hansen, f.14.06.03, Solborg Sera Hansen f. 28.02.06 og Tormod Hansen, f. 17.04.08 skal ha samvær med Rune Leander Hansen kvar tredje laurdag frå klokka 1000 til klokka 1600.
4. Det skal vera tilsyn under dei 20 første samværa. Familie- og likestillingsdepartementet blir pålagt å oppnemna tilsynsførar.
5. Kvar av partane skal dekke sine eigne sakskostnader i søksmålet.

Retten heva


Rannveig Gramstad

Rett kopi bekreftes
Ingunn E. Olsen
Haugaland tingrett

Rettleiing om retten til anke i sivile saker er vedlagd.